

HARAM KOMMUNE ORDENSREGLEMENT FOR FLEM SKULE

Hovudmål:

Ordensreglementet for skulen skal ta sikte på å fremje **samarbeid** og **trivsel**, **respekt** og **medansvar** for alle i skulesamfunnet.

"Alle elevar...har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring." (Opplæringslova §9a)

1. Elevane har rett og plikt til å følgje gjeldande Opplæringslov.
2. For at vi skal lære, må vi ha god og høveleg arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga.
3. Pass på at alle har det bra både på skulen og skulevegen. Mobbing og plaging er forbudt. Hugs STOPP-regelen: "Når nokon seier STOPP må du halde opp!"
4. Ta vare på skulen og skuleområdet. Vi vil ha det fint rundt oss! Vi syner respekt for det som tilhøyrer skulen og andre elevar, slik at ingenting blir skadd eller øydelagt.
5. Det er forbudt å bruke tobakk og rusmiddel på skuleområdet og ved arrangement som skulen står for. (Opplæringslova §9-5, 3.ledd)
6. Ta ikkje med farlege gjenstandar på skulen som t.d. knivar, fyrverkeri, lightarar og liknande.
7. Bruk av mobiltelefon er ikkje tillate, unnateke etter avtale med lærar og/eller foreldre.
8. Reglar for bruk av skulens datautstyr må følgjast.
9. Det er lov å sykle, bruke rulleskøyter og rullebrett dersom det vert brukt hjelm. Snøballkasting er tillate på tilvist område.
10. Følgjande tiltak kan nyttast dersom elevane bryt ordensreglane:
 - Tilsnakk eller åtvaring frå dei tilsette på skulen.
 - Samtale med lærar og/eller rektor.
 - Inndraging av ulovlege gjenstandar
 - Utbetring eller erstatning av skadar. (jmf.skadeerstatningslova §1-2)
 - Telefon eller skriftleg melding heim.
 - Ved mistanke om mobbing skal foreldra kontaktast.
 - Bortvising frå timar og/eller friminutt. (vedtak av lærar og rektor)
 - Bortvising for resten av skuledagen etter avtale med rektor og foreldre.

Desse ordensreglane er vedtekne i Samarbeidsutvalet ved Flem skule den 13/6-06. Ordensreglementet bør drøftast i Rådsorgana kvart år, og skal gjerast skriftleg kjend for elevar og foreldre.